

## Installasjonsrettleiing for antivirusprogram Avast!

Programmet Avast! Home Edition kan lastast ned via Eninvest sine heimesider. Alternativt kan ein gå direkte til [www.avast.com](http://www.avast.com). Vel menyen "Products" og "avast! Free Antivirus". Klikk på "Download" og på neste side under "Free Antivirus" klikk på knappen "Download".



Du vil å bli sendt til nedlastingssiden til Download.com. Klikk på "Download now" i midten av bildet.



I somme høve kan det være at Internet Explorer har blokkert nedlastinga. Da vil du sjå ein gul linje som du må klikke på med standard musknapp, du vil da få opp et val med å laste ned fil.




Når du har valgt å laste ned filen, vil dialogboksen for filnedlastinga kome opp som vist nedenfor. Velg "Run/Kjør" for å fortsette.



Når fila er ferdig nedlasta, vel "Run/Kjør". **NB!** Bilete og val kan være forskjellig fra det som er vist her, avhenging av nettlesar og operativsystem. I dette høve er det benytta Internet Explorer 8 og Windows XP.



Vel språk, klikk "Neste".




Vel standard val i vegvisaren og klikk "Neste".



Du kan velje ein alternativ nettlesar, i dette eksemplet vel vi "Nei..". Vel "Neste".




Installasjonen er fullført. Klikk på "Ferdig".



Du kan registrere en gratis lisens ved å velje "Vedlikehold/Maintenance" og "Registrering/Registration". Vel "Registrer deg nå".



Fyll ut feltene og registrer lisens nedst i vinduet ved å klikke på "Register for free license".



The screenshot shows a registration form with the following fields:

- Title: Mr.
- Name\*: Ola Normann
- E-mail\*: ola.normann@domene
- Country: Norway
- Age: 35 to 49
- Computer ability: Beginner

Below the form, there are two dropdown menus for feedback:

- When you installed our free antivirus, would it have been OK if we had also offered you a related product or service? (--- Please select ---)
- Which product or service would most interest you? (--- Please select ---)

A red asterisk note states: "\* these details are required". A "Register for free license" button is located at the bottom right of the form area.

Du vil få ein bekrefting på registreringa.




Lisensnøkkelen du får er gyldig i 12 månadar (etter det lyt den fornyast). Du kan registrere lisensen manuelt via denne lenkja: <http://www.avast.com/eng/home-registration.php>. Du vil då få tildelt aktiveringsnøkkel via oppgitt e-post innen 24 timer.

Etter installasjonen av Avast! dukkar det opp eit ikon nedst i høgre hjørnet på skrivebordet. Avast-ikonet gir tilgang til programmet sitt kontrollpanel. For å starte virusस्कanning av PC-en høgreklikkar ein dette ikonet og vel "Åpne avast! brukergrensesnitt".



(Dersom du får opp eit vindauge som etterspør lisensnøkkel, kan du dersom du har registrert deg og mottatt nøkkelen fylle inn denne her, ved å klikke på "Registreringsinformasjon". Dersom du er innanfor prøveperioden av programmet vel du her demoversjon av programmet.)


Sjølve skanning av PC'en vert foretatt via eit panel som ser slik ut:




For å starte skanninga skal ein trykke inn "Scan Computer/Skann Datamaskinen" og "Skann nå" til venstre i programmet. Du vel kva område du vil at programmet skal skanne for virus.

Ved å gå nedst på sia og velje "Lag tilpasset skanning", kan ein stille inn og tilpasse programmet slik ein ynskjer. Meir informasjon om korleis bruke programmet kan du finne i hjelp-fila (Hjelpesenter/spørjeteiknet i programvindaugget), eventuelt på Avast! sine heimesider [www.avast.com](http://www.avast.com).

Dersom du skulle vere uheldig og programmet finn virus vil dialogvindaugget som under dukke opp på skjermen din. Her kan du velje "Vis Resultat".



Her vil du sjå kva som kan gjerast med viruset. Vanleg val er å legge den i kista, som gjer det umeleg for viruset å gjere noko galt på maskina di. Vel "legg til" og "Flytt til kiste".



### Ta forhandsreglar for å unngå virus!

Ver obs på at virus er designa for å finne omvegar rundt antivirusprogram, slik at sjølv om ein har eit antivirusprogram installert, kan ein risikere å få virus på datamaskina si. Ta dine forhandsreglar for å unngå virusspreiing slik som å unngå å opne vedlegg frå ukjende avsendarar, pass på fildelingstenester som ofte er fulle av virus, sørg for at antivirusprogrammet automatisk lastar ned siste oppdateringar, installer alternative program for å bekjempe spionvarer slik som t.d. AdAware. Skulle uhellet vere ute kan det i tillegg løne seg å ha backup av data som er kritisk å miste. Dersom maskina må reinskast for virus vert filene på pc'en også i mange tilfeller sletta.